

Forum for natur og friluftsliv Agder
Postboks 101
4662 Kristiansand
(e-post: agder@fnf-nett.no)

Kristiansand, 20.04.17

Til
Iveland kommune
Evje og Hornnes kommune
Bygland kommune
Valle kommune
Bykle kommune

Revisjon av konsesjonsvilkåra for vasskraftutbyggingar i Otravassdraget – innspel til kommunane

Viser til avisannonse der kommunane langs Otravassdraget ber om innspel frå privatpersonar og interesseorganisasjonar på problem som skuldast kraftutbygging, og som har allmenn interesse.

Forum for natur og friluftsliv Agder (FNF Agder) er eit samarbeidsforum mellom fleire interesseorganisasjonar i Agder, og representerer nærare 20 000 natur- og friluftslivsinteresserte personar i alle aldre. Vi takkar for at vi kan kome med innspel, og ynskjer å peike på fylgjande;


Generelt

Det er svært positivt at kommunane langs Otravassdraget planlegg å krevje revisjon av konsesjonsvilkåra gitt i samband med utbyggingar i Otra. Kraftutbygginga i dette vassdraget har vært omfattande, og er eit viktig bidrag til straumforsyninga i regionen, og ei viktig inntektskjelde for kommunane. Men med vasskraftutbygginga har vi også fått store magasiner, mindre vatn i bekkar, gassovermetning, temperaturendringar i vatn, endring i naturmiljø for plantar og dyr, vandringshindre for fisk, villreinen har fått mindre areal med færre trekkvegar, og med det ser vi ei auka konflikt mellom villrein og ferdsel i fjellet.

Konsesjonsvilkåra til utbyggingane i Otravassdraget er av dei som NVE og Miljødirektoratet har foreslått at prioriterast før 2022 (Rapport 49 2013 *Vannkraftrevisjoner som kan revideres innen 2022, Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering*). Dei er og prioritert i Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder.

Konsekvensar av vasskraftutbyggingar i Otra

På grunn av vasskraftutbygging er mange av vassforekomstane i Otra definert som Sterkt modifiserte vassforekomster (SMVF) i Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder. Slike vassforekomster er endra så mykje frå naturleg tilstand slik at dei ikkje kan oppnå ein god miljøtilstand innan 2033.



Vasskraftutbygginga har endra vassføringa, vasstemperaturen, overmetting av gass i vatnet, og isforholda både i elva og i innsjøane som nå er reguleringsmagasin. Levevilkåra for planter og dyr i og rundt vatnet er blitt annleis. I følgje Norsk rødliste for arter 2015 er 147 trua arter «knytta til ferskvatn, dei fleste er vanninsekter, karplanter og moser» (Henriksen S og Hilmo O (2015) Hvor finnes de truede artene? Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken <http://www.artsdatabanken.no/Rodliste/HvorFinnesDeTruedeArtene>. Nedlastet 20/04/17). Mange av desse er trua på grunn av at levevilkåra er endra på grunn av kraftutbygging. Eit aukande problem er krypsivet, ein plante som ser ut til å trivast litt for godt med det endra miljøet i vassdraget.

I Byglandsfjord og eit godt stykke nordover finn ein Byglandsfjordbleka, som berre finnast her, og som har blitt sterkt påverka av kraftutbygginga med vandringshindre og øydelagde gyteplassar. Her er mange tiltak allereie gjort, men det er viktig å fortsette arbeidet slik at ein bevarer bleka for framtida.


Setesdalsheiane er leveområdet til dei sørlegaste stammene av villrein i Europa, og Noreg har eit særskilt ansvar for villreinens framtid. Gamle trekkruiter står nå under vatn i reguleringsmagasina. Anleggsvegar og kraftleidningar skapar barrierar. Leveområda er blitt mindre, og det har ført til konflikt mellom villrein og menneske som ferdast i heiane.

Vassdragsreguleringane har endra landskapet med store dammar, stor reguleringshøgde på vatnet i magasinane, anleggsvegar inn i heiane, kraftleidningar, mindre vatn i bekker og elver, og stor steintipping i dalsidene. For naturopplevinga har dette store konsekvensar. Naturopplevinga er viktig for friluftsliv. Sjølv om kraftutbyggingane har gjort større område tilgjengelege for friluftsliv gjennom fleire vegar inn i heiane, har det samstundes gjort ferdsele meir utrygt på regulerte vatn vinterstid. Og naturopplevinga er ikkje den same som i urørte område.

Forslag til avbøtande tiltak

Minstevassføring er eit av tiltaka som ofte stilles som krav i revisjonssaker. Men det er ikkje så enkelt å kome med eit konkret tal på kva minstevassføringa skal vere. I arbeidet med revisjonen av konsesjonsvilkåra i Sira-Kvina, til dømes, brukte ein mykje ressursar på dette arbeidet. Man må også sjå på om det er periodar på året der ein må ha meir vatn enn minstevassføringa for at plantar og dyr i og rundt vassdraget skal ha gode levevilkår. Eit døme her er nok vatn på gyteplassane til fisk slik at ein sikrar rekrutteringa.

Fjerning av vandringshinder for ål og fisk kan også forbetre miljøtilstanden. Der det ikkje er mogleg, kan man finne andre løysningar slik at det blir mogleg for ål og fisk å vandre opp og ikkje minst ned i vassdraget. Gassmetninga i vatnet ved Brokke er stor, noko som gjer dette til ein vanskeleg stad å vere fisk. Dersom ein kan finne årsaka til dette og gjere noko med det, kan det gjere naturmiljøet i elva mykje betre.



Det er gjort mykje bra arbeid for villreinen i Setedalsheiane dei siste årane med Heiplanen og GPS-merkeprosjektet som ein må byggje vidare på. Det same gjeld Byglandsfjordbleka. Eit vidare fokus på begge arter, og ikkje minst økonomisk støtte til vidare arbeid er viktig å hugse på.

Det trengs meir forskning på krypsiv, og eit mogleg tiltak kan vere meir økonomisk støtte til prosjektet.

Avbøtande tiltak for tapt friluftsliv og naturoppleving, kan vere å leggje til rette med turstiar langs vassdraget. Revegetasjon og andre tiltak for å få inngrepa til å gå meir i eitt med naturen på kan gjere naturopplevinga betre, og dermed enda meir attraktiv for friluftsliv enn det er i dag.

Forum for natur og friluftsliv Agder sine organisasjonar vil gjerne bli med i det vidare arbeidet, og vil fylgje opp dersom det blir revisjon av konsesjonsvilkåra for vasskraftutbyggingar i Otravassdraget.

For Forum for natur og friluftsliv Agder:

Camilla Moseid
Koordinator